



UDI

Regiondirektør Atle Berge
5835 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2226 - 15/14951

Saksbehandlar:

Jon Askeland

jon.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

16.12.2015

Uttale frå Radøy kommunestyre vedk. anbod om asylmottak på Radøytunet

Radøy kommune er på vanleg måte varsla om at Norsk Folkehjelp har lagt inn anbod på asylmottak på Radøytunet i Radøy kommune (anbudsfrist 11. desember 2015).

Radøy kommune er som lokal styresmakt sjølv sagt kjend med flyktnings situasjonen, og vil gjerne bidra positivt slik Regjeringa inviterer til. Når me likevel sender ein uttale basert på eit rådslag i kommunestyret den 10. desember, er det basert på følgjande:

UDI har nyleg gitt tilslag til Norsk Mottaksdrift om å etablere asylmottak(EMA) på Hordabøheimen frå januar 2016. Dette er i same bygda som Radøytunet. Dersom Radøy kommune sjølv hadde styrt etablering av mottak i kommunen, ville me spreidd dei meir i dei ulike bygdelaga. Kommunestyret meiner at to mottak i same område i eit lite bygdelag ikkje er gunstig. Dette vert også understreka av at mottaket som Norsk Folkehjelp søker om, er for eit stort tal menneske – inntil 230 asylsøkjjarar.

Me kjenner vilkåra for anbodskonkurransen, og veit at det er UDI si plikt etter Utlendingslova å sikra flyktingane asyl, men me ber UDI ta omsyn til lokalsamfunnet, og lytta til kommunen om å ikkje etablere dette mottaket.

Etter fullmakt frå kommunestyret

Med helsing

Jon Askeland
ordfører

Jostein Borlaug
Varaordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

UDI

Regiondirektør
Atle Berge

5835

BERGEN